



Bs Vest As  
Valavegen 99  
5355 KNARREVIK

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/942 - 22/56058

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vagane  
Svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
08.07.2022

## **Gbnr. 143/1 - Spørsmål kring søknad om lenging av skogsveg.**

Vi syner til dykkar søknad dagsett 07.01.2022 som gjeld søknad om forlenging av skogsveg på gbnr. 143/1 Håland i Alver kommune. BS Vest AS søker på vegne av Ove Georg Hvidsten.

Kommunen treng å sjå søknadar om skogvegbygging i samband med kva område vegen løyser ut. Dette med tanke på skogsdrift (dekningsområde).

I dykkar tilfelle ser vi at skogen i området forlenginga av vegen er tenkt lagt, i all hovudsak er avverka. Vidare er det i vedlegg til søknaden teikna inn områder på naboeigedomar som vil vere dekningsområde for vegen. I tillegg til gnr. 143, bnr. 1 gjeld dette eigedommane gnr. 145, bnr. 1, 2, 6, 7, 12, 18, 93 og gnr. 141, bnr. 2.

Vi ber om at de sender skriftleg stadfesting frå dei ulike eigarane om at dei stiller seg bak vegprosjektet med tanke på framtidig uttak av skog. Vidare er vi kjent med at tilkomstvegen via Årdalen, som det no er søkt om å forlenge, er ein fellesveg. Vi ber også om at eigarane, eventuelt dei som representerer eigarane av vegen (t.d. eit vegstyre) stadfestar at fellesvegen kan nyttast til dette formålet og då av alle dei eigarane som er lista opp ovanfor.

Vi let søknaden liggje til vi har fått desse stadfestingane.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Bs Vest As

Valavegen 99

5355

KNARREVIK

